



# Marint vern av Sognefjorden

- Om arbeidet og kva følgjer eit vern vil få for regionen

Møte i Sogn regionråd, Høyanger den 9. desember 2022




Statsforvaltaren i Vestland





## IPBES Global Assessment Summary for Policymakers (PDF)



Summary for Policymakers



Assessment Co-Chairs Bios and Photos





IPBES Chair and Executive Secretary Bios and Photos



# 127 land utgjer FNs naturpanel (IPBES)

- Av åtte millionar artar på kloden i dag er ein million trua av utrydding
- 66 % av marine miljø endra vesentleg
- Nesten 1/3 av alle korallrev og minst 1/3 av alle havpattedyr er truga.
- Kvar art er viktig i eit nettverk!





## Kva er marint vern?

Naturmangfaldlova § 39: *beskytte marine verneverdier, herunder naturverdier som er økologiske betingelser for landlevende arter.*


Tre nasjonale mål:

- god tilstand i økosystema
- ta vare på trua natur
- ta vare på eit representativt utval av norsk natur



*Sognefjorden er et enestående naturfenomen som verdens dypeste og vår lengste fjord. Den er formet av gravende isbreer med påfølgende sedimentasjon som har gitt en jevn og flat bunn bestående av leire og slam i den dype hovedrenna. Fjordsidene er bratte fjellskråninger med vertikal forskjell på mer enn 2000 m fra fjordbunnen og opp til fjelltoppene rundt fjorden. Sidefjordene er relativt grunne og munner ut som hengende U-daler høyt oppe i fjordsidene. Dyrelivet i Sognefjorden er til dels spesielt med lokale sildestammer og grunne forekomster av dypvannsarter i noen av sidefjordene. Verneverdiene er knyttet til den geologiske utformingen av fjorden med de spesielle bunnforholdene og tilhørende dyreliv. De knytter seg også til vannmassene i dypbassenget med de spesielle miljøforholdene og biologiske forekomstene her.*

# 14 LIVET I HAVET




FNs 14. berekraftsmål: Verne og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling.


# 17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA



FNs 17. berekraftsmål: Styrkje verkemidla som trengst for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnerskap for berekraftig utvikling



# . FORENKLET TVERRSNITT AV SOGNEFJORDEN






# Det finst ikkje maken til fjord!



Verdas djupaste fjord!  
Noregs lengste: 200 km  
Verdsarv både i Nærøyfjorden  
og tilgrensande ved Urnes  
Fleire tilgrensande verneområde



Skapt av isbrear  
40 istider (+40 mellomistider)  
To-tre millioner år med  
landskapsendringar  
Høgdegradient på > 2500 meter




Nasjonal laksefjord  
Særleg beskyttelse mot inngrep  
og aktivitet som kan skade laksen  
Vikja, Nærøydalselva, Flåmselva,  
Lærdalselva, Årøyelva





# Marint vern påverker ikkje

- Privat eigedom (unntaksvis grunne område)
- Busetjing på land
- Regulering av båttrafikk
- Fiske jf. Havressurslova
- Fritidsfiske og friluftsliv
- Eksisterande akvakultur





## Marint vern medfører

...at det ikkje kan setjast i verk noko som direkte eller indirekte kan øydeleggje eller redusere verneverdiane i området.

Verneverdiane vil bli knytt til mangfaldet av undersjøiske naturtypar i dette langstrakte og særleg djupe fjordmiljøet.



# Avgrensing

Overflata, vassøyla og sjøbotn

Frå to meter under sjøkartnull  
eller marebakke

Går klar av privat eigedom

Enkelte grunne område kan  
likevel vere verdifulle å vurdere

Naturmangfaldlova § 44

## Kva vil mest sannsynleg være lov i eit marint verneområde i Sognefjorden?



Aktivitet/Tiltak	Tillate?	Grunngjeving
Botntrål (aktive fiskereiskap som slepast og røytrer botn)	Nei	Botntråling påverker botnen og botndyrsamfunn.
Snurrevad	Ja	Snurrevad har avgrensa effekt på sjøbotnhabitata.
Fiske med passive reiskap	Ja	Passive reiskap har avgrensa effekt på sjøbotn. Dersom det blir oppdaga korallrev kan det bli særlege restriksjonar likevel om passive reiskap kan truge verneføremålet.
Låsetting av fisk	Ja	Tradisjonell bruk av låsettingsplassar vil i utgangspunktet ikkje skade verneverdiane i området.
Taretråling	Nei	Vegetasjonen er verna. Taretråling påverker det marine økosystemet. Det er ikkje taretråling i Sognefjorden i dag, truleg ikkje ein aktuell problemstilling.
Tanghausting	Nei/Ja	Ja til rettshavarar eller til undervisning også grunnare enn 2 m under sjøkartnull.
Utsetting av organismar/Planting av vegetasjon	Nei	Plante- og dyreliv er verna mot skade og øydelegging.
Akvakultur	Nei*	Akvakultur kan likevel få dispensasjon dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet.
Utslepp av ballastvatn	Nei*	Dersom ballastvatnet er rensa etter gjeldande regelverk kan det likevel sleppast ut.
Havbeite	Nei	Eit MVO bør vere mest mogeleg upåverka frå manipulasjon, ein heller kan hauste bærekraftig frå naturlege bestandar. Havbeite er lov innanfor enkelte av dei eksisterande verneområda i dag, men ved overlapping blir det forbode.
Dumping eller uttak av mineralressursar	Nei	Dumping eller uttak vil gje direkte endringar på sjøbotn, i tillegg til partikkelspreiing og nedslamming.
Petroleumsverksemd	Nei*	Installasjonar, røyrleidningar og partikkelspreiing og ureining gjev negative verknadar på naturmangfaldet. *Røyrleidningar/kablar kan eventuelt få dispensasjon dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet.
Energiutnytting	Nei	Installasjonar vil kunne gje fysiske inngrep og endre straum- og botnforhold.
Fysiske inngrep	Nei*	*Ja til lettare lokal infrastruktur/navigasjonsinstallasjonar/andre farleiltak etter søknad.
Utslepp frå land	Ja/Nei*	*Avhengig av storleik, reinsegrad og påverknad. Høgare terskel for å gje dispensasjon i referanseområde.
Dykking og surfing, jakt, fangst og fiske, ferdsel med båt	Ja	Ingen restriksjonar på ferdsel og friluftsliv.
Tilretteleggingstiltak for friluftsliv	Nei/Ja	Dispensasjon dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet. Mest aktuelt utanfor vernegrensa?
Levandlagring av villfanga fisk	Nei/Ja	Inntil 12 vekers lagring etter dispensasjon dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet.
Vedlikehaldsmudring	Nei/Ja	Dispensasjon dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet.
Ankring	Nei/Ja	Ja for småbåt under 15 meter med oppankring mot land. Nei for store skip, men mindre det skjer på etablerte ankringsplassar dersom kartlegging syner at det ikkje er sårbart naturmangfald.



Oppstartsmelding med  
utgreiingsprogram vart sendt ut i går!



Foto: Maria Knagenhjelm



# Aktuelle utgreiingstema i ei KU:

Naturmiljø

Kulturarv

Rekreasjon og friluftsliv


Landskapsbilete og verdsarv

Naturressursar inkl. fiskeri og mineralutnytting

Akvakultur og havbeite

Andre tema og tiltak, som t.d. reiseliv, industri, forsvaret, samferdsel, disponering av overskotsmassar, anleggstiltak, m.m.

# Framdriftsplan for marint vern i Sognefjorden



Eventuelt vedtak i statsråd tidlegast des. 2025



## Referansegruppe for kultur, nmf og reiseliv

- Vestland fylkeskommune v/kulturarv
- Forum for natur og friluftsliv
- Sognefjorden Vel
- Naturvernforbundet
- Høgskulen på Vestlandet
- Havforskningsinstituttet
- Natur og ungdom
- WWF
- Norske lakseelver
- Verdsarvparken
- Representant for reisemålselskap (Visit Sognefjord, FjordKysten, VisitBergen)

## Referansegruppe for akvakultur og sjøfart

- Fiskeridirektoratet region Vest
- Vestland fylkeskommune v/akvakultur
- Mattilsynet
- Havforskningsinstituttet (denne eller for på gruppa for naturmangfald)
- Kystverket
- Sjøfartsdirektoratet
- Hamnevesenet v/ein person på vegner av alle
- Sjømat Norge
- Sogn og Fjordane Fiskarlag
- Fiskarlaget Vest

## Referansegruppe for lokale myndigheiter

- Aurland kommune
- Gulen kommune
- Hyllestad kommune
- Høyanger kommune
- Luster kommune
- Sogndal kommune
- Solund kommune
- Vik kommune
- Årdal kommune
- Vestland fylkeskommune
- Stølsheimen verneområdestyre
- Nærøyfjorden verneområdestyre
- Verdsarvrådet




# Lokale stemmer er viktige!

...og lokal aksept er avgjerande for at prosessen skal føre fram...



Statsforvaltaren i Vestland



13.12.2022



# Forvaltning etter eventuelt vernevedtak



Foto: Maria Knagenhjelm

- Marint verneområdestyre? Lokal forvaltning?
- Forvaltingsstyresmakt
- **...skal** utarbeide ein forvaltningsplan...
  - Eiga offentleg prosess
  - Retningsliner innanfor ramma til forskrifta
  - Skal gje føreseieleg forvaltning
- Kommunane kan påverke!
- Det kan opprettast eit rådgjevande utval



# Kva følgjer vil eit marint vern få for regionen?

Betre vern av økosystem, verdsarv, kulturminne og landskap?

Styrka lokal identitet og stoltheit

Auka verdi for reiselivet

Meir fisk i fjorden?

Samarbeid om å få fram meir kunnskap om fjorden



# Andre følgjer av marint vern i Sogn?

Lokalt plassert statleg arbeidskraft

Finansiering av tiltak, skjøtsel, restaurering

Karbonopptak og -lagring

Meir bruk av masser i ein sirkulærøkonomi

Framleis nml § 48 for *vesentlege samfunnsinteresser*

Spørsmål og drøfting?

Vi kjem gjerne til  
kommunestyremøte hos dykk

Erling Svensen



Statsforvaltaren i Vestland



Facebook @SFVestland

Twitter @SFVestland

Nettside statsforvaltaren.no/vl

Takk for oss!



Fjøresjøre. Foto Torgeir Kaarbø



Statsforvaltaren i Vestland

09.12.2022